



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 06.01.2015  
Vår ref.: 2014/23010-9  
Saksbehandlar: annvabo  
Dykkar ref.: 14/710 - 14/12035

## Fråsegn til reguleringsplan for Dudlatun næring- og visningssenter - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 5. november 2014 om høyring av forslag til detaljregulering for Dudlatun næring- og visningssenter. Hovudføremålet i planen er næring og småbåthamn. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til tenesteyting. Tilkomstvegen vil gå gjennom areal sett av til LNF-område.

Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 10. mars 2013.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

#### Landskap, strandsone, friluftsliv, folkehelse, arkitektur og estetikk

Planområdet ligg innafor landskapsområdet Syltvågen som er verdisett til «stor verdi – landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng» og sjøområda ligg innafor det svært viktige regionale friluftsområdet Vardøy-Dyrøy-Sylta. Utbygging i området må difor tilpassast terren og landskap. Føresegne stiller tydelege og gode krav til utforming av bygg og anlegg. Dei set og krav om at sideterren til køyreveg skal plantast til med stadeigen vegetasjon.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av arealet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, ruinar/tuftar m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen når det gjeld kulturminne.

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld landskap, strandsone, friluftsliv, folkehelse, arkitektur og estetikk. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Marit Rødseth  
plansjef

Anne-Kathrine Vabø  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Monika Serafinska, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnene og museum

Nils Egil Grude, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest